



Fee Dobbin, Andrea Rice og Michael Chang i aksjon i Dønhauglåven. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Magne Huglen på Dønhaug Gjestegard i Uskedalen runda av låvedans-sesongen med ein ny suksess laurdagskvelden. Det kom 500 for å svinga seg til livlege, irske tonar. Med det kom samla besøkstal for fire dansar opp i 2000 denne sommaren.



Andrea spelar både nasjonalinstrumentet harpe og gitar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det stilte 400 på den første, 500 på den andre, 600 på den tredje og altså 500 på den fjerde dansen. Bonden og læraren Huglen har med dette lagt eit solid økonomisk og PR-messig grunnlag for ein ny sesong med ei heller original biverksemd.

Også laurdag gjekk alt føre seg velorganisert og utan komplikasjonar, og folk kosa seg med musikk som også nordmenn elsker.

Det bur ikkje fleire enn 3,5 millionar i Republikken Irland, men med omsyn til song og musikk er landet å rekna for ei stormakt. Så er det da også det einaste land på kloden som har eit musikkinstrument – harpa – som nasjonalsymbol. Også contry og rock blomstrar i Irland, men det er den tradisjonelle musikken som syner landets inste vesen.

Og ein av dei fremste og mest etterspurte utøvarane av denne musikken er Andrea Rice. Dette er sjuande sommaren ho turnerer i Noreg og i ein pause

laurdag sa ho til uskedalen.no at ho elsker landet vårt. Her får ho ein respons som kan måle seg med den ho har på heimebana og låvedansen på Dønhaug minna ho om 1970-talet heime på den grønne øya.

- Men eg har aldri spela i ein låve heime i Irland, dette er jo eit fantastisk lokale, la ho til. Og så berømna ho oss nordmenn for å være triveleg, naturlege og omgjengelege.

Andrea var på Dønhaug og spela i puben i byrjinga av august og da var stemninga heilt elektrisk, seier dei som var der. Denne gongen spela ho meir variert musikk enn i puben. Saman med sine faste musikkarar gjennom mange år (Fee Dobbin på bass og og Michael Chang på fele) serverte ho både irsk trad, nyare irsk populærmusikk og irsk/amerikanske låtar, alt med eit sug og ein presisjon som fekk det til å rykka i dansefoten.



500 tok del i den siste låvefesten i år.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Ho gjorde ekstra krus på Magne med å sette på han ein grøn gigant-hatt, som irarane utstyrer seg med når det er St. Patricks day den 17. mars. St. Patrick kom med kristendommen til Irland. Han er landets skytshelgen og på dagen hans er det store og fargerike opptog over heile landet. Og i puben song Uskedalens eigen trubadur Michael Røsland. Også han fekk stor ros

Av Ola Matti Mathisen



Magne fekk den tradisjonelle St. Patrick-hatten på. (Foto: Ola Matti Mathisen)